


Ny sjøsetjing ved Eidsvik sitt anlegg.

14.04.2016



Frå sjøsetjinga i dag.

I dag vart det på ny sjøsett ein arbeidsbåt ved Eidsvik skipsbyggeri sitt anlegg. Det er Fitjar Mekaniske Verksted som leiger anlegget, og som dermed har stått for dette byggenummeret. Sjøsetjing var vellukka, og det skjedde dermed mest på dagen eit halvt år etter at FMV sjøsette den første arbeidsbåten dei bygde der, ein katamaran.

Båten som vart sjøsett i dag er ein einskrogsbåt som er 26 meter lang og 11,2 meter brei. Det er den første einskrogsbåten etter eige design som Fitjar Mekaniske har bygt, og det er også den største arbeidsbåten dei har bygt hittil.

Adm.dir. Hugo Strand ved FMV fortel at dei i utgangspunktet selde båten til rederiet Napier AS på Bømlo. I løpet av byggjeperioden selde Bømlo-rederiet den til eit rederi i Finnsnes i Troms. Båten vert dermed den første Fitjar Mekaniske Verksted leverer til Nord-Norge.

Strand fortel at det er ein svært anvendelegr arbeidsbåt sidan den er så stor. Med mykje dekkplass er det plass til mykje utstyr. Den er bygd for å brukast på forskjellige oppdrag, men etter det han kjenner til vil den først verta brukt i havbruksnæringa. Også entreprenøroppdrag som til dømes kaibygging er båten svært godt eigna til.

Hugo Strand også at hallen på Eidsvikanlegget er svært godt eigna til å byggja såpass store båtar, og dei skal byggja meir. Foreløpig har dei leigt hallen ut året, og utover den tid vil sjølvsagt framtidig arbeidsmengde avgjera.

Båten vert no slept til Fitjar, og der vil resten av utrustingsarbeidet verta gjort. Sjølv om mykje alt er gjort, skal maskin, ein del utstyr og innreiing på plass. Etter planen skal båten vera klar til levering om 5-6 veker.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hans Ordin Østebø